

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: 201, 202, 218, 210, 203-209, 211-217, 219-226.

### DEPUTASJON FRÅ BERGEN KOMMUNE

Bergen kommune hadde bede om å få leggje sitt syn på sak 201/14 "Takstregulativ for kollektivtransporten i Hordaland" fram for fylkesutvalet.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at dei ville ta i mot utsendingane.

Byråd Henning Warloe førte ordet på vegner av deputasjonen, supplert av Marte Mjøs Persen.

I den tverrpolitiske deputasjonen deltok følgjande:

- Henning Warloe, H
- Marte Mjøs Persen, A
- Marita Moltu, KrF
- Endre Tvinnereim, Byluftlisten
- Samba S. Nije, SV
- Ask Wingsternes, H
- Tallak Rundholdt, V
- Peder Lotnes Haugen, V
- Torstein Dahle, R

### PRESENTASJON

**Morten Thuve** frå BDO presenterte rapporten "Førebudd for framtida".

### OPEN TIME

**Torill Selsvold Nyborg** påpeikte at praksisplassar og lærlingeplassar må vere klare når elevar kjem inn på yrkesfag i vidaregåande skule.

**Marianne Bjørøy** stilte slikt spørsmål:

"Vedr. park and ride/innfartsparkering på Straume.

Avtale mellom HFK og Thon om "leie av parkeringsplasser" på Sartor senter. Den avtalen går ut 31.12.2014. Nytt garasjeanlegg under Sartor senter er snart ferdig, og spørsmålet da blir om:

Vil eller har fylkeskommunen inngått ny avtale om innfartsparkering på Straume, eventuelt når vil en slik avtale foreligge?"

Fylkesrådmannen opplyste at Hordaland fylkeskommune har motteke eit avtaleutkast som skal vurderast innan 31.12.2014.

**Astrid F. Selsvold** bad om at alle innkomande høyringsutkast til Hordaland fylkeskommune rutinemessig vert lagt fram for fylkesutvalet i listeform. Fylkesrådmannen svarte at fylkeskommunen kommenterer det som er innanfor fylkeskommunen sitt kjerneområde. Det vil heretter verte lagt fram oversyn til fylkesutvalet.

**Sigbjørn Framnes** minna om at det enno ikkje er kome svar på spørsmål om ein tabell i samband med "Kollektivmeldinga 2013". Fylkesrådmannen vil syte for at dette vert følgt opp.

**Benthe Bondhus** stilte spørsmål om korleis fylkeskommunen reagerer dersom eit selskap som har vunne ferjeandbod nyttar ei mindre ferje enn det som var stilt krav om i anbodet. Fylkesrådmannen og direktøren for Skyss, Oddmund Sylta, svarte at generelt skal selskapet oppfylle krava som er stilt. Avtalen kan likevel reforhandlast dersom det vert vesentlege endringar, til dømes nedgang i trafikken.

**Silje Hjemdal** ønskjer å verte orientert om prosessen knytt til Bergen hamn/ny godsterminal. Fylkesrådmannen opplyste at arbeidet med KVU er starta opp for kort tid sidan, og at Hordaland fylkeskommune er med i styringsgruppa. Fylkesutvalet vil verte orientert på eit seinare møte.